

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2015	Formannskapet i Radøy	PS	15.01.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Harald Stanghelle	14/701	15/100

### Mobildekning - kvite flekkar 2015

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune takkar nei til samarbeidsprosjektet med Telenor for utbygging av mobildekning med to store master og freistar å få aktørar i mobilmarknaden til å betra dekninga med bruk av fiberinfrastruktur og mindre lokale utbyggingar. Kommunen vil søkja å nytta dei tildelte midlane til mobildekning i fiberutbygging.

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Radøy kommune har fått tilskot frå Hordaland fylkeskommune med kr. 1.030.000 til utbygging av mobildekning. I samband med dette har kommunen bede om tilbod på utbygging. Det kom ingen tilbod på førespurnaden i Doffin.

Etter dette har det vore møte med Netcom og Telenor for å få til ei løysing. Ingen av dei to vil byggje ut på eiga hand.

Telenor ASA kan gjera dette om Radøy kommune står for ein del av arbeidet. I ein intensjonsavtale som skildrar dette er det peika ut to mogelege område for utbygging, med mastepllassering på Vågenes og i Nordanger-området.

#### Frå intensjonsavtaleteksten går dette fram:

*Prosjektet har en samarbeidsform hvor Samarbeidspartner tilrettelegger infrastruktur som mast, hytte, strøm eller kostnadsfri innplasseringer av Utbygger sitt basestasjonsutstyr i eksisterende infrastruktur.*

*I områder hvor Samarbeidspartner forespør dekning kan Utbygger kreve et engangsbeløp i form av et anleggsbidrag fra kommune/fylkeskommune/stat dersom prosjektene beregnes til å ha en negativ nåverdi for Utbygger.*

#### Samarbeidspartners ansvar

*Samarbeidspartner skal sørge for følgende:*

*Håland (området Hella – Marøy)*

- Nødvendige godkjenninger fra grunneiere og kommune.
- Fremleie av hytte og mast vederlagsfritt til Utbygger.
- Oppsett av hytte iht. Utbygger sine tekniske krav for basestasjonsutstyr.
- Oppsett av 30 meter mast for å gi dekning i området.
- Fremføring av kraft til hytte, 220 V, 40 A.
- Etablere sikringstavle i hytte.

- Jordingsanlegg til hytte og mast.
- Adkomst til hytte og mast.

#### Åshøyen (området Sletta – Straume)

- Nødvendige godkjenninger fra grunneiere og kommune.
- Fremleie av hytte og mast vederlagsfritt til Utbygger.
- Oppsett av hytte iht. Utbygger sine tekniske krav for basestasjonsutstyr.
- Oppsett av 36 meter mast for å gi dekning i området.
- Fremføring av kraft til hytte, 220 V, 40 A.
- Etablere sikringstavle i hytte.
- Jordingsanlegg til hytte og mast.
- Adkomst til hytte og mast.

#### **Utbyggers ansvar**

Prosjektet planlegges med 3G og klargjøres for fremtidig 4G teknologi.

Utbygger skal sørge for følgende:

#### Håland og Åshøyen

- Etablere nødvendig radioutstyr, antenner, kabler og kabelbroer.
- Etablere varmeovn, aircondition i hytte.
- Idriftsetting og drifting av basestasjonsutstyr.
- Utendørs mobildekning i områdene som vist i vedlagte teoretiske dekningsberegnung.

Radøy kommune har fått hjelp til nærmere utgreiing av plassering

og eit overslag på kostnaden av kommunen sin del, omlag 700 0000 - 1 000 000 pr mast.  
Dette kan variera etter framføring av veg, straum osb.

#### **Innhaldet i e-brevet frå Arild Teigen:**

Oversender som avtalt ca priser for bygging av hus, mast og hele prosjektet

Bygging Hus + mast (avh. av grunnforh. sand, jord, berg og geografisk beliggenhet) ca 250-500 000,-

Pris Mast 30m (Leverandørpris Telenor) ca 125 000,-

Pris Hytte ca (2,2x3,1)m<sup>2</sup> inkl aircondidtion (Leverandørpris Telenor) ca 160 000,-

I tillegg tilkommer kostnader for fremføring kraft, transport hytte + mast,

Ev. bruk av helikopter og rydding av skog med mer. Ca 100- 200 000,-

Dvs samlet anslagsvis kan bli kostnader på til sammen ca 700 000 til 1 mill.

Understreker dette er ca priser

#### **Vidare har TKS gjeve eit tilbod på å gjennomføra prosessen:**

Site Acquisition Fremforhandle grunnrettsavtale mellom kommune og grunneier etter kommunens retningslinjer – komplett 19.800 pr stk

Anbudsgrunnlag Utarbeidelse og kvalitetssikring av anbudsgrunnlag; oppfølging av tilbydere 915,- pr time

Byggesak Komplett byggesak med nabovarsling, søknad om dispensasjon, byggesøknad, igangsettingssøknad, ferdigbefaring og ferdigattest 20.900 pr site

Prosjektering Fundamentering, grunnarbeider, jordingsnett, detaljplassering, koordinere fiber- og strømtrasé, elektroarbeider på og rundt site (tavle, varme og kjøling), sikring og adkomst, daglig oppfølging av entreprenør i byggefase 915,- pr time

Sluttdokumentasjon Bygg- og energiteknisk slutt dokumentasjon ihht Telenors krav til basestasjon

*915,- pr time*

I tillegg til kjem kostnader til avtale med grunneigarar og årlege driftskostnader på mast og hytte. Det er vanskeleg å gje overslag på desse kostnadane no.

### **Vurdering**

Radøy kommune sitt tilskot frå Hordaland fylkeskommune er NOK 1 030 000, ein sum som kan vera nok til å dekka utbygging av eit av områda. Det er stort slingringsmonn i kostnadsoverslaget og det tilkjem ein del utgifter som ikkje er definerte, slik at kostnadane raskt kan visa seg å overstiga tilskotsbeløpet. I tillegg kjem driftsutgifter på anlegget.

Dersom avtalen skal gjennomførast er det naudsynt å velja ein av stadane. Vidare er det naudsynt å ta stilling til korleis eit slik prosjekt skal handterast og med kva organisering. Som eigar av ein slik installasjon må langtidsverknad vurderast og det er vanskeleg når dette er eit område kommunen ikkje har erfaringar med.

God mobildekning er viktig for innbyggjarane og næringsliv i Radøy kommune. Det er likevel ikkje slik at utbygging av mobilnettett er ei communal oppgåve. Det må derfor vurderast nøyne om kommunen skal gå inn i føreliggande avtale som medfører forpliktingar for kommunen både i investering og framtidig drift.

Ei alternativ ordning ein kan sjå føre seg er å nytta fiberutbygginga som infrastruktur for utbygging av basestasjonar for mobildekning. Dette er ei meir sikker løysing for kommunen både når det gjeld investering og driftsutgifter.

Kommunen har fått signal frå Hordaland fylkeskommune om at midlane berre kan nyttast til mobildekning. Eit nei til communal utbygging av mobilmaster vil kunna vera eit nytt moment for fylkeskommunen si vurdering, og kommunen vil i tilfelle ta kontakt for ny dialog om bruk av tilskotet.

### **Formannskapet i Radøy - 003/2015**

#### **FS - handsaming:**

Rådmannen peika på at kommunen må dekka kostnaden med både mast, mastehytte, veg og grunnkjøp ved å byggja master for utbygging av mobildekninga. Kommunen må også stå for framtidig vedlikehald av dette. Rådmannen konstaterer at ein million kroner i fylkeskommunalt tilskot i alle fall ikkje vil halda til utbygging av to mobilmaster, og at det kan sjå ut som det vil koma på godt over millionen å få opp ei mast.

Ordføraren informerte om at Telenor viser til at det minimum må opp to master på Radøy (Vågenes og Nordanger), men at dette langt frå løyser problema.

Formannskapet er oppteken av å få bygt ut mobilnettett i område som idag har svært dårlig mobildekning, og drøfta mogleg løysing med å nytta fiberutbygginga som infrastruktur for utbygging av basestasjonar for mobildekning.

Kenneth Murberg (H) ba om å få utgreidd i kva omfang ei fiberutbygging kan få for område med svakast mobildekning, og han kom med utsetjingsframlegg.

Ordføraren viste til at det er interessant å få drøfta med fylkeskommunen om dei midlane kommunen vart tildelt i 2010 kan nyttast til fiberutbygging. Frode Hervik (V) ville også få avklart vilkår for ei slik omdisponering, og kor stor del kommunen kan få behalda.

Formannskapet vedtok samråystes utsetjingsframlegget.

#### **FS - vedtak:**

Saka vert utsett for nærmere utgreiing.